



Hordaland Fylkeskommune
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1950 - 15/20985

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

23.11.2015

Klage på avslag om sluttutbetaling av Småsamfunnsatsinga i 2010 - Kårbø

Klage på avslag på utbetaling:

Arbeidet med eldmerka bygde på arbeidet i livOglyst, og me kjenner oss ikkje heilt att i framstillinga i avslagsbrevet. Sjølv om fylkeskommunen deler opp tilskot etter kva pott dei er henta frå, er det heile tida deira råd og oppmoding om kva ein kunne søkja midlar til som har vore førande. Ute i bygda tenkjer ein ikkje så mykje på kva pott pengane kjem frå, men har meir fokus på kva arbeid som skal gjerast. Det har difor ikkje vore eit klart skilje mellom kvar livOglyst slutta og kor lokalsamfunnsmidlane byrjar.

Det me som kommunen kan beklaga er at me ikkje i større grad har klart å få fortgang i rapportering. Noko av årsaka går fram av dette skrivet.

Kva me skulle bruka tilskotet til vart drøfta med partnerskapet på det årlege dialogmøte 30.08.2011 på Kårbø. Prosjektlear Vagleik sendte ei fyldig utgreiing med budsjett og ansvar. Sjå vedlegg. Det vart vidare halde møte i bygdelaget som var styringsgruppe, og det er laga referat frå dialogmøte. **Sjå vedlegg 1 og 2.**

Fordi at livOglyst hadde meir pengar att vart ein del av arbeidet tatt der og prosessen gjekk heilt fram til 2012. Dette var avtalt med prosjektlear hjå fylkeskommunen. Me hadde eige møte med Ole Øvretveit her på Frekhaug der me gjekk gjennom mellom anna økonomi. Kan og bekrefte at me hadde mykje kontakt med Eli Jeanett Fosso, som støtta planane. (går mellom anna fram av referat frå styremøte i Bygdelaget – vedlegg 2.)

Det går fram av løyvinga at det totale budsjettet som vart godkjent var på 600 000, men det som vart løyvd berre var 100 000. Slik me oppfatta det var det pkt 3-5 som gjaldt denne løyvinga. Dei andre var allereie finansiert frå før.

1. Entreprenørskap i kulturlandskapet – dette vart utarbeidd og gjennomført i 2012 og 2013. Det er sendt inn sluttrapport på dette.

2 og 3. Kompetanseheving for dei næringsdrivande. Etter avtale med Ole Øvretveit vart ein del av ressursen prosjektlear brukt inn mot dette, m.a til skrivning av forretningsplanar, produktutvikling, testsal m.m. I tillegg har fleire av dei næringsdrivande vore deltakar på kurs og nettverkssamlingar som vart arrangert i fylket. Dette vart gjennomført v.h.a livOglyst

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kompetansesatsing: Våren 2012 tok me studiet i samfunnsentreprenørskap som vart arrangert av partnerskapet. Kommunen var representert med underteikna, Jan Atle Tvedt deltok frå Kårbøbygda og Vagleik Ypsøy (prosjektlear). Oppgåva me skreiv om nettverksarbeid i høve til lokalmat tok utgangspunkt i arbeidet med Eldmerke, og me kan nemna at me i 2014 gjennomførte nettverkssamlingar på Ypsøy med akkurat dette som tema, og med inviterte frå heile Nordhordland.

Både underteikna, prosjektlear og folka på Kårbø har så langt det har late seg gjera delteke på konferansar, turar og nettverkssamlingar.

4. Eldmerka. Det var avklart med prosjektlear på fylkesplan og med partnerskapsgruppa (Ole Øvretveit, May Britt Ottarlei og Eli Jeanett Fosso) at dei ekstra midlane som ein fekk gjennom Småsamfunnsatsinga skulle gå til å utvikla tankane kring dette. Studieturen til den grønne sløyfa vart det første som vart sett i gong, og i tillegg til Kårbøbygda vart det deltakarar frå andre bygder. Det kan nemnast at to av dei i etterkant har starta ei serveringsbedrift på Sætre som ligg nokre kilometer lenger nord enn Kårbø, og verdiane deira er lik det som Kårbøbygda tenkte. Det var og med folk frå to andre bygder i nærleiken som hadde tankar om næringsatsing. Referat frå studieturen er sendt inn tidlegare.

5. prosjektleiing: Det var ein klar føresetnad for det vidare arbeidet at prosjektlear kunne halda fram. I 2011-12 starta mellom anna planlegging av Sansetunet og det gjorde at viktige ressurspersonar var fullt oppteken med eigen bedrift.

Generelt

I perioden me har halde på med prosessar har det 3 gonger vore skifte av prosjektlear hjå fylkeskommunen. Til tider har det vore vanskeleg å få kontakt med vedkommade, og det som er vorte avtalt med ein prosjektlear er ikkje alltid vorte vidareformidla til neste. Me har forhalde oss til dei føringar me har fått, men har nok ikkje vore god nok med å få alle ting som er vorte sagt skriftleg, slik at me kunne dokumentera det i etterkant. Generelt har me hatt eit godt samarbeid med partnerskapet, men det har til tider vore vanskeleg å få klarheit korleis løyvingsbrev skulle tolkast. Prosjektet har vorte oppmoda om å søkja på tilskotsordningar, men løyvingsbrevet samsvarer ikkje alltid med søknaden som har vorte sendt inn og då har det vore vanskeleg å vita kva føringar som er gitt.

I 2014 – i samband med at sluttrapport for livOglyst vart godkjent, skriv underteikna i epost til dykk at me heldt på med å avslutte småsamfunnsmidlane og ber om at desse midlane ikkje vert inndrage. Legg ved eposten for orden skuld. Kommunen er van med frå både fylkesmannen og Innovasjon Norge at det vert sendt ut varsel dersom eit tilskot vert inndrage. Me har ikkje registrert at det er komen noko slikt varsel i denne saka. **Vedlegg. 3**

LivOglyst - Kårbø kai og rettssaker

Me vil nemna at i perioden frå 2012-2015 har kommunen vore i gjennom 3 rettsinstansar for ei sak som gjaldt Kårbø kai. Kaien var eit viktig tema i livOglyst prosessen både for å gjenskapa møteplassen i bygda og for å utvikla næringane vidare. Ein kan vel sei at det var ei utilsikta verknad av livOglyst prosessen, men uavklarte eigeomsforhold til kaien har gjort mykje negativt for prosessen. I 2012 hadde var det jordskiftesak der kommunen/bygda vann fram med mykje av sitt syn. Dette vart anka vidare til lagmannsretten og i 2013 vart ankesaka behandla der. Der fekk kommunen berre delvis medhald og saka vart då anka inn for Høgsterett, der den vart behandla i januar 2015. Grensene til kaien, som det vart stadfesta at kommunen eig er no oppmålt av jordskifteverket, kommunen fekk ikkje medhald i at ein eigde ikkje sjøgrunnen utanfor kaien. Dette har sett ein foreløpig stoppar for planane med mellom anna reiseliv og fiske, men har og drept mykje av gløden bygdefolket hadde for å utvikla felles møteplassar og prosjekt.

Kommunen har i alle restinnsinstansane måtte gjera greie for arbeidet med livOglyst og intensjonane i dette programmet. Legg ved orienteringsbrev som vart sendt dykk ved utgangen av 2012 om dette. **Vedlegg 4.**

Andre ting som har skjedd som eit direkte resultat av livOglyst/lokalsamfunnsutviklingsprosessen.

Bygdelaget har arbeidd for å få fram offentleg vatn og avløp til bygda og dette vart utbygd i 2013-2014, det har vore heilt avgjerande for utvikling av næringane på Kårbø.

Det har og vore arbeidd med å få inn areal i arealdelen i kommuneplanen som no er avsett til LNF-spreidd næring og til spreidd bustad. Dette vil og vera viktig for utvikling av næringane framover.

Produktpakker:

Det kan sjå ut som eit lite stykke arbeid det som ligg med som forslag til produktpakker, men det ligg ei rekke møter med reiselivsbedrifter, andre interessentar og deltakarar bak både for å planlegga og for å prisa. Det var og henta inn pris frå konsulent med tanke på å leiga inn ein profesjonell aktør til delar av dette arbeidet.

Kommunen har hatt møte med prosjektleiar for å gå igjennom historikken i denne saka. Me meiner at arbeidet er utført i tråd med det som vart søkt om og at det meste er gjennomført slik som det vart planlagt. At prosessen ikkje førte oss i mål med å få ei felles merkevare Eldmerka, er det dessverre ikkje så mykje å gjera med. Både sal og marknadsføring har gått svært bra for dei næringsdrivane, og bedriftene som er etablert sel som aldri før. Produksjonane og produkta er i tråd med kriteria som vart sett for Eldmerka, og soleis er ideen vidareført og sett ut i livet sjølv om ikkje ein lukkast å få på plass eit forretningsmessig samarbeid. Det ligg ved epost frå prosjektleiar Vagleik Ypsøy der han gjer greie for sitt syn på prosessen.

Konklusjon:

Avslaget er begrunna i at ein ikkje har sendt inn plan- og budsjett. Dette går fram av vedlegg 1 og 2 at det vart drøfta med arbeidsgruppa til partnerskapet og slik me opplever det, godkjent av desse.

Ikkje i tråd med godkjent finansieringsplan: Det er gjort greie for kva arbeid som er gjort med resten av tiltaka, og at det er undervegs er sendt eigne rapportar om desse. Desse har vore finansiert med andre midlar. Det er ikkje gitt noko signal om at det pågåande arbeidet låg utanfor det fylkeskommunen tenkte at tilskotet skulle brukast til.

Hovedkostnad er det som det var avtalt med prosjektleiar hjå fylkeskommunen og den regionale arbeidsgruppa at den skulle vera. Studieur, prosjektleiar, reise m.m. Deltakarane frå bygda og kommunen har ikkje tatt med sin eigeninnsats, som er betydeleg i denne saka. Kommunen sitt arbeid med rekneskapsføring er ikkje teke med.

Det er ikkje sendt noko formell søknad om forlenging, men det er tatt opp muntleg ved fleire høve, og det er sendt skriftleg ved minst to høve at arbeidet ikkje er avslutta.

Me vonar fylkeskommunen kan sjå på saka på nytt og gjera om vedtaket som er gjort.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Dialogmøte 30-08-2011 med arbeidsgruppa partnerskapet

Vedlegg 2 B . Arbeidsmøte om eldmerke

Vedlegg2 A. referat frå styremøte i Kårbøvågen bygdelag 20-09-2011

Vedlegg 4 SØKNAD OM UTSETT ARBEIDSRIST TILSKOT TIL KÅRBØ KAI- REF TILSEGN FU 18 PL (L)(363074)

Vedlegg3 - epost frå 2014 der me ber om at midlane vert ståande

Uttale frå prosjektleiar Vagleik Ypsøy

Kopi til:

Kari Patricia Kleppe

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune

Regionalavdelinga 5020

BERGEN